

Informasjon til bedrift og kandidat om gjennomføring av i faget

Namn på kandidat:

Stad/tidspunkt:

Prøvedagar: Frå dato:

Til dato:

Sensorar:

Før prøva tek til, er prøvenemnda ansvarleg for å avgjere om dei er habil. Dersom det blir endring av prøvenemndsmedlemmer like før eller under prøva, informerast det om dette til kandidaten og bedrifta.

Kontaktperson i nemnd:

Kontaktperson-e-post:

Kontaktperson-tlf:

Stadfesting

Kandidaten skal stadfeste at han/ho har motteke denne informasjonen ved å senda e-post eller sms til kontaktperson i prøvenemnda.

Frammøte

- Dersom kandidaten ikkje kan møta til fagprøva må det meldast frå om dette snarast. Gyldig fråvær frå prøve er når ein er hindra frå å stille til prøva, når hindringa er uføreseieleg og ein ikkje kan lastast for hindringa. Kandidaten må leggje fram dokumentasjon på dette. Døme på dette er sjukemelding. Han/ho vil då ha rett på utsett prøve som kan haldast så snart det er praktisk mogleg.
- Prøva vert registrert som «ikkje møtt til prøve» når det er gyldig fråvær utan dokumentasjon
- Om kandidaten kjem for seint til prøva, mister han/ho retten til å starte prøva. Prøva blir rekna som «ikkje møtt til prøve».

Forslag til fag/sveineprøve

- Prøvenemnda har ansvar for utarbeiding av fag/sveineprøva. Ein ber bedrifta om å koma med forslag til oppgåver som kan vera aktuelle å bruka som del av fag/sveineprøva.
- Forslaga skal sendast til prøvenemnda seinast «dato» til e-post adressa over.

Bedrifta sitt ansvar

- Bedrifta skal syte for å leggja tilhøva til rette for gjennomføring av fag/sveineprøva. Dvs. ledig rom, verkstad, nødvendige hjelpemiddel, verktøy, utstyr mm. I dei tilfella der kandidaten treng å jobba sjølvstendig skal staden vera skjerma.
- Prøvenemnda kan også be om at det blir oppnemnd ein tilsynsperson ved gjennomføring av fag/sveineprøva. Bedrifta må ha denne klar ved oppstart av prøven slik at vedkomande kan stadfesta sine plikter.

Fag/sveineprøve

- Kandidaten skal i tillegg til den faglege kompetansen frå læreplanen for faget prøvast i ei heilskapleg kompetanse som til saman utgjer fire delar.
 - Planlegging av eigne arbeidsprosessar
 - Gjennomføring i fht planlegging og kunne korrigere undervegs
 - Eigen vurdering – vurdere, reflektere og vurdere kvalitet på eige arbeid
 - Dokumentasjon – dokumentere eige arbeid med faglege grunngjevingar for planlegging gjennomføring og vurdering
- Kandidaten kan bli prøvd i og skal kunne få vist kompetansen sin i heile læreplanen for faget - sett inn link til læreplanen her

Link til læreplanen

Tilleggsinformasjon kring gjennomføring av fag/sveineprøve

Type dokument: informasjonsskriv i samband med fag-/sveineprøve

Utarbeidd av: Seksjon for kvalitet i opplæringa

Godkjend av: S.B

Godkjend dato:30.04.20

Gjeld frå:30.04.20

Revidert dato:

Arkivsak:

Side 2 av 3

Vurdering av fag/sveineprøva

Prøvenemnda skal gjera ei vurdering av den heilskaplege kompetansen kandidaten viser gjennom fag/sveineprøva sine fire delar.

- Som grunnlag for vurderinga vil prøvenemnda bruka:
 - Gjeldande læreplan for faget
 - Gjeldande vurderingskriterium for oppgåva
 - Toleransetabellar for faget, interne/eksterne rutinebeskriving, særlege forskrifter for faget, HMS mm
- Arbeidet til prøvenemnda under prøva:
 - observasjon undervegs (heile eller deler av tida)
 - vurdere prosess og ferdig resultat
 - Vurderingssamtale til slutt
 - stilla avklarande spørsmål om det er behov

Karakterskala:

Det vert nytta ein tredelt karakterskala : Bestått mykje godt, bestått og ikkje bestått

Hjelpemiddel

- Dei hjelpemidla kandidaten har brukt i læretida, skal kunne nyttast under prøva.
- Kva hjelpemiddel er brukt på prøva

Fusk

- Fag-/sveineprøva kan annullerast dersom kandidaten har fuska eller forsøkt å fuske ved prøva.
- Fusk eller forsøk på fusk kan vere:
 - Å gje eller prøve å formidle hjelp til andre
 - Å ta imot slik hjelp
 - Å ha eller bruke hjelpemiddel som ikkje er tillatne

Bortvising

Kandidaten skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføring av prøva for andre.

Dersom åtferda er i strid med føresegna, kan kandidaten etter å ha blitt åtvara, visast bort.

Grunnlag for fag/sveineprøva

Til grunn for gjennomføring av fag- og sveineprøver ligg lov om opplæring § 4-8 og forskrift til lova §§ 3-48 til 3-68.